



Notat

Dato: 09.12.2016
Arkivsak: 2016/34130-6
Saksbehandlar: josaksd

Til: Tale Halsør

Frå: Jostein Aksdal

Fråsegn kulturminne kraftleidning 132 kV kraftledning Kjønnagard - Myrkdalen, Voss kommune

Fylkeskonservatorene viser til søknad om konsesjon med kart. Fylkeskonservatorene viser til at søknaden ikkje på ein god og eintydig måte får fram linjeføringa i kart og dokument. Søknaden femner om fire hovudlinjer, der to er søkt om og prioritert. Fylkeskonservatorene viser til at kartfesta, men ikkje om søkte trasear har store kulturminneverdiar og har slik vald å kommentera desse i vår fråsegn.

Første del av linjeføringa er nemnt som alternativ I og II. Denne går frå Kjønnagård og opp til Vinjahagen høvesvis på kvar side av elva. Her er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området, men alternativ II får etter det me kan sjå ei betre kryssing av dei gamle vegfara frå Vinje til Sundsvoll ved Klypet.

Trase I og II

Strekket har felles linjeføring frå området ved Vinjahagen og fram til Ulvund. Begge linje traseene får sterkt visuell innverknad på kulturlandskapet på Vinje og kjem i nærføring til (10-20 meter) til gropastein ID 136571.

I området mellom Geitadalen – Tryninghaugen deler linjetraseen seg i ulike alternativ 1, 2 og 3.

Alternativ 1 A og B

Alternativ 1 får omfattande konflikt med landskapsområdet Ulvund. Området har viktige kultur og landskapselement som vil kunne verta vesentlege forringa. Då linjetraseen går nær gammal innmark, har den stort potensiale for funn av fornminne dette vil løyse ut krav om ei omfattande registrering og eventuell dispensasjonshandsaming.

Alternativ 2 A og B

Traseane har ikkje kjende konfliktar, A vil koma inn i, eller ligga nærmare kulturlandskapet på Ulvund. Då alternativ 2 traseen går lenger opp i lia gjev dette eit mindre konfliktpotensiale for funn av automatisk freda kulturminne.

Alternativ 3

Traseen går over Ulvundshaugane, her er ingen kjende kulturminnekonfliktar. Traseen går i utmarka mellom gardsområdet og kjende stølsområde. Alternativ 3 går omlag midt i mellom stølen Fossen og øydestølen på Tuftene. Utnyttinga av stølsområda er ikkje tilstrekkeleg dokumentert her og traseen kan slik koma i konflikt med kulturminneverdiar.

Alternativ 4

Traseen byrjar ved Høgåsen på Oppheim og strekk seg over øvre del av Oppheimsbygda. Ved Leitet under garden Bidne var det kjent ein grophelle. Området har stort potensial for kulturminnekonflikt då den gamle ferdslevegen i frå sør i Langedalen, kryssa ved Framnes og tok vegen opp Oppheimsdalen og over til Sogn. Det er ikkje gjort kulturminneregistreringar tidlegare i Oppheimsdalen. Det er imidlertid kjent mogleg fangstanlegg oppe på Tverrfjellet. Der traseen svingar mot garden Åmot er det kjent fleire førhistoriske lokalitetar rett nord for vist traselinje. Desse utgjer ein del av eit viktig kulturmiljø, som strekk seg ut på begge sider av elva. Graden av kulturminnekonflikt er slik stor og potensialet for funn av nye lokalitetar er vurdert å vera høgt.

Oppsummering - tilråding

Søkjar har ut i frå ei totalvurdering gjort ei prioritering av traseane. Med omsyn til kulturminnevurderingar går alle traselinjene i område med høgt potensial for funn av fornminne.

Den vektinga søker har gjort av alternativa 1, 2, 3 og 4 der ein rår til å gå bort i frå alternativ 1 og 4 er i tråd med vår vurdering av konflikt med viktige nasjonale kulturminneverdiar. Med omsyn til fjern og nærværknad på kulturminna synest alternativ II vera betre enn alternativ I ved start på Kjønnagard. Traseen på Vinje må visast med større detaljeringsgrad – mastepunkt før vurdering av konflikt med omsyn til ID 136571 kan gjerast. Kulturlandskapsområdet på Ulvund er særskilt viktig og ut i frå ei vurdering av potensial for konflikt råd Fylkeskonservatoren til alternativ 2B.

Fylkeskonservatoren viser til at det ikkje er gjort ei kulturminneregistrering av traseeane jf § 9 i Kulturminnelova. Det er alt kjent nærføring til automatisk freda kulturminne i området. Det vil slik verta stilt krav om kulturminnegranskingsar jf. § 9 i Kulturminnelova i linje og tiltaksområde i samband med vedtatt linje. Me gjer merksam på at dersom det kjem fram automatisk freda kulturminne i konflikt med konsesjonslinje skal desse handterast etter Kulturminnelova.

Fylkeskonservatoren ber difor om at tiltakshavar så tidleg som råd tek kontakt for å greie ut kostander og omfang av ei kulturminneregistrering.

Jostein Aksdal